



Videre

Velkommen til
REGIONKONFERANSEN 2026
Salem Konferansesenter 17.-19. april



Misjonssambandet

Regionkonferansen 2026

Tema: Videre

Dato: **17. – 19. april 2026**

Sted: **Salem Bergen**

Program

Fredag

19:00 Kveldsmøte. Emilie Algrøy
Kafe og sosialt etter møtet

Lørdag

10:30 Lovsang og ord for dagen
11:00 Årsmøte del 1
12:45 Lunsj
13:30 Musikkinnslag v/ Kongshaugeløver
Årsmøte del 2
15:30 Sesjon 1: Videre - på misjonsfeltene.
Rune Mjølhus
Kaffe
17:00 Sesjon 2: Videre - i region vest
18:00 Middag
19:30 Kveldsmøte. Fredrik Ree

Søndag

10:30 Bønn
11:00 Regiongudstjeneste m/Barnekirke.
Rune Mjølhus og Sevenjentene



Se nlm.no/vest/regionkonferanse

Barnekonferansen

Lørdag

10:30 Supersamling (barnehagen Salem)
12:45 Lunsj (felles med de voksne)
13:30 Rush trampolinepark (inkl. mat)
17:30 Avslutningssamling (barneh. i Salem)

Søndag

09:30 Liten korfest m/Sevenjentene, øving
for å synge med dem på gudstjenesten
11:00 Gudstjeneste. Barnekirke under talen.
Sevenjentene deltar



SEVENJENTENE



RUNE MJØLHUS



FREDRIK REE

Påmelding til barneaktiviteter og mat lørdag

Påmeldingsfrist 10. april

Velkommen

Hjertelig velkommen til Regionkonferansen 2026 – en helg med fellesskap på tvers av alder, geografi og forsamlingsstilørighet. Gjennom temaet «Videre» vil vi utforske hvordan vi kan arbeide og utvikle oss som kristne, fellesskap og organisasjon for å gjøre Jesus kjent. Helgen byr på et variert program med møter, seminarer, lovsang, regionårsmøte og egen barnekonferanse. Måltidene må forhåndsbestilles og vi håper mange vil stille som delegater til årsmøtet lørdag formiddag. Er du tilreisende og trenger overnatting i Bergen under konferansehelgen? Vi vil legge til rette for privat overnatting, ta kontakt på vest@nlm.no.

Dette ser vi frem til - Håper vi sees!

Barnekonferansen

Lørdag blir det **egen konferanse** for barna med supersamling, Rush trampolinepark, misjonslotteri og mye gøy! Deltakelse på barnekonferansen koster kroner 330.

For de minste som ikke kan være med på barnekonferansen, legges det til rette med **lekekrok** bakerst i konferanselokalene, der foreldrene selv har ansvar for barna.

Søndag er det regiongudstjeneste med barnekirke under talen. SEVEN-jentene synger på dette møtet.

Påmelding til Barnekonferansen innen 10. april på nlm.no/vest/regionkonferanse

Mat

Fredag er det åpen kiosk i kafeen etter møtet.

Lørdag serverer vi lunsj (bagetter) og middag (pizza):

Lunsj og middag: kr 220,- (barn kr 120,-)

Bare lunsj: kr 100,- (barn kr 50,-)

Bare middag: kr 130,- (barn kr 75,-)

Husk: **Lunsj og middag må bestilles innen 10. april** på nlm.no/vest/regionkonferanse

Lørdag og søndag: Kaffe og kaker.

Om du (eller noen du kjenner) kan tenke deg å **bidra med kake** eller **bakst**, blir vi veldig glade. Send oss i tilfelle et ord til vest@nlm.no

Årsmøte og delegater

Alle innmeldte lag og grupper (også barne- og ungdomslag) kan sende (minst) to **delegater** (15 år eller eldre) til årsmøtet. Det er viktig at de **melder seg på, helst innen 10. april**, på nlm.no/vest/regionkonferanse (samme påmelding som for mat og barneaktiviteter).

INNHold

Del 1:

- s. 2 Program for Regionkonferansen og Barnekonferansen
- s. 3 Praktisk informasjon
- s. 4 Sakliste
- s. 5 Årsmelding for Misjonssambandet vest
- s. 13 Årsmelding fra barne- og ungdomsarbeidet
- s. 16 Regnskapsrapport
- s. 18 Kandidater til regionstyret
- s. 19 Kandidater til barne- og ungdomsrådet
- s. 20 Kandidater til valgnemnd
- s. 21 Årsrapport 2025 frå Regionalt Tilsynsråd Region Vest

Del 2:

- s. 26 Årsmeldinger fra leirplasser
- s. 30 Årsmeldinger fra områdene
- s. 36 Årsmeldinger fra misjonsforsamlingene
- s. 52 Årsmeldinger fra skolene
- s. 59 Årsmeldinger fra andre institusjoner
- s. 68 Vedlegg

SAKLISTE

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 Konstituering

- a) Val av ordstyrar
- b) Val av referent
- c) Val av to protokollunderskrivarar
- d) Val av GoPlenum-administratorar (teljekorps)

Sak 3 Årsmelding

Sak 4 Rekneskap

Sak 5 Val av medlemmer til:

- Regionstyret
- Barne- og ungdomsrådet (BUR)
- Valnemnd

Sak 6 Samtale om arbeidet

- Gruppearbeid og fellesdel

ÅRSMELDING FOR

MISJONSSAMBANDET VEST 2025

INNLEIING

Me var også i 2025 tiltrudde forvaltaransvaret for midlar og mannskap. Me kjenner til at iallfall 5 personar har teke imot Jesus i 2025, der dei mange Alpha-kursa me har arrangert i våre forsamlingar har vore avgjerande.

I samsvar med lov for NLM Region vest §1 har me arbeida for føremålet til region vest, som er å forkynne evangeliet om Jesus og formidle «ansvar for misjon nasjonalt og internasjonalt», jf. grunnreglane for Norsk Luthersk Misjonssamband § 1.

FORSAMLINGAR SCORER HØGAST PÅ DEI FLESTE SATSINGSOMRÅDA I HANDLINGSPLANEN

Tabellen nedanfor viser korleis dei som har svara av forsamlingar, smågrupper og NLM-kontaktar, vurderer arbeidet sitt ut frå dei sju satsingsområda i strategi- og handlingsplanen. Tabellen viser korleis laga plasserer seg sjølv på ein skala frå 1-5, der 1 vil seie at laget har veldig lite fokus på dette satsingsområdet, og 5 vurderast som veldig mykje fokus.

Tabellen syner klart at forsamlingane scorer høgast, NLM-kontaktane lågast og smågruppene tangerer dei små forsamlingane i «evangeliet til dei unådde» og «elsk din neste». Større forsamlingar scorer truleg endå høgare enn små.

Eigenvurdering frå forsamlingar, smågrupper og NLM-kontaktar som har svara:

		Gj.snitt sats.omr	3 av 12 for- samlingar	44 av 100 smågrupper	10 av 68 NLM- kontaktar
	Satsingsområde		2025		
	Gjennomsnitt		3,62	3,12	2,18
1	Evangeliet til dei unådde	3,43	3,67	3,67	2,29
2	Evangeliet til neste generasjon	3,11	4,00	3,17	2,71
3	Ten kvarandre	3,45	4,67	3,56	2,43
4	Elsk din neste	3,28	3,33	3,44	2,43
5	Gjer disiplar	2,68	4,00	2,81	1,57
6	Nyskapande formidling	2,26	2,67	2,33	1,86
7	Ansvarleg forvaltning	2,74	3,00	2,86	2,00

INSTITUSJONAR I REGION VEST

Det vert utført omfattande arbeid på institusjonar og føretak. Me nemner:

- **Gjenbruksbutikkane**
 - Butikken i **Balestrand** har klart også å investere i døgnopen ubemanna løysing med

mobilkamera og Vipps med berre eit lite driftsunderskot på 14.000,-

- Butikken i **Åsane** hadde eit driftsresultat på kr 586.791 som er opp kr 1.091.791 frå året før.
- Butikken på **Askøy** hadde eit driftsresultatet på kr. 514.956 som er opp kr 20.956 frå året før.

Me må få takke alle eldsjelene som arbeider i gjenbruksbutikkane våre. I tillegg til klargjering, sal og drift, skapar de også eit godt miljø for alle besøkjande og det er ein misjonar møteplass med stort potensiale.

- **Kongshaug musikkgymnas** med 45 tilsette er viktig utdannings- og formingsskule for den oppveksande generasjon også med tanke på musikalsk teneste i mange ulike kristne fellesskap. Rekordstort enkeltkull starta hausten 2025.
- **Sygna vidaregåande skule** er viktig utdanning- og formings-skule for den oppveksande generasjon. Ei stor dugnadsinnsats med aktiv marknadsføring av skulen frå elevar og lærarar har gitt imponerende stort løft i elevtal og dermed også økonomi.
- **Danielsen-skulane** som me er medeigarar i, er med på å bygge ungdomen i ein viktig alder.
- **NLA høgskulen med Hauge School of Management**, som me er medeigarar i, er særskilte viktige samfunnsaktørar på utdanningsfronten
- **Barnehagane, både Preg- og samarbeidsbarnehagane**, er det største barnearbeidet me har i regionen, med ca. 550 born dagleg.
- **Leirstadane Sætervika, Skilbrei og Lyngmo** (eigd saman med ImF) er særskilte viktige i barne- og ungdomsarbeidet.
- **Mediearbeid: Både foreininga pTro med radio og tidsskriftet Utsyn** er viktige talarstolar, med studio og avdelingskontor under regionkontoret.
- **Salem Nærmiljøsentral** er vår frivilligsentral, ei foreining eigd av Salem Misjonskirke NLM Bergen og region vest.
- **Fleirkulturelt arbeid:** Anna Cecilia Rifsgård arbeider spesielt inn mot fleirkulturelt arbeid i region vest for å løfte dette i alt vårt arbeid.

Kvar dag blir det gjort ein viktig jobb som utgjer ein skilnad, både for samfunnet og for enkeltmenneske, i dei mange institusjonane Misjonssambandet eig og er medeigar i. Regionstyret vil takke tilsette, frivillige, forbedarar, brukarar, medlemmer i styrer og råd for tenesta. Me er stolte av dykk. Takk og for at du på din måte syner kva det vil seia å vera ein kristen i kvardagen.

TILSETTE

Regionstyret har i 2025 hatt fokus på å nå vidare i vår region, spesielt nordover. Grunna sjukemeldingar og periodevis ledige stillingar, både på regionkontoret og i forsamlingane, har arbeidsbelastninga vore stor for ein del av våre tilsette. Det er viktig i ei tid som denne, at me tar vare på kvarandre. Regionstyret vurderer kontinuerleg korleis ein kan bruke tilsett-ressursane våre på best mogleg måte, som også er berekraftig for arbeidet og for den einskilde.

Salem Misjonskirke fekk ny pastor i august og Askøy Misjonsforsamling har signert avtale

med ny menighetsutvikler/pastor i inntil 80 % frå 1.8.2026.

Pr. 31.12.2025 hadde me til saman 30 tilsette medarbeidarar i regionleddet og i forsamlingane fordelt på ulike stillingsstorleikar. Tilsette på leirstader, institusjonar og skular kjem i tillegg.

Me ynskjer å takke Kirsten Grøteig, Malvin Ommedal, Jan Håkon Reinemo, Ingrid Øvreås og Jenny Åvendal for tenestene dei har hatt i regionen. I 2025 fekk med også ynskje Emilie Algrøy velkommen som ny medarbeidar.

Utsendingar med tilknytning til region vest som var ute i 2025:

Bergfrid Almelid (Vest-Afrika), Emely Nikola Joa Amdal (Mongolia), Emly Nancy Aase (Mongolia), fam. Marius og Karoline S. Bergersen (Japan), Jan Ingve Bernssen (Mongolia), Olav Brennsæter (Vest-Afrika, korte turar), Emma Skuggedal Byholt (Mongolia, eittåring), Ektepar (Midt-Austen), Familie (Midt-Austen), fam. Sølvi og Øystein Mongstad (Austlege Afrika), Øystein Mongstad (Mongolia, korte turar), fam. Christoffer og Kristin R. Nævdal (Japan), Magnar og Carol Olsen (Hongkong), Malvin Ommedal (Bolivia), «Marianne» (Sentral-Asia), Mari og Håkon Rydland (Austlege Afrika) (heime våren-26), fam. Maria og Eirik Vivelid (Austlege Afrika) (heime hausten-25).

MØTEVERKSEMD KOORDINERT AV REGIONKONTORET:

Talet på møtesamlingar i regionen i 2025 (tal for 2024):

Møteveker (5-6 møte): 12 (13)

3-4 møte (m.a. møtehelger): 8 (17)

Eitt/to møte: 163 (177)

Koordinert av regionkontoret:	2025	2024	2023
Møteveker (5-6 møte)	12	13	14
Møtehelgar mm (3-4 møte)	8	17	22
Enkeltmøte (1-2 møte)	163	177	220

Både våre løna og frivillige forkynnarar inngår i denne oversikta, men ikkje møte i forsamlingar og bedehus som spør talarar direkte.

Takk til alle som år etter år trufast har misjonsmøte og foreiningsmøte der dei ber for og gjev til misjonsarbeidet.

BARNE- OG UNGDOMSARBEIDET

Sjå eiga årsmelding av barne- og ungdomsrådet i Misjonssambandet vest (s. 13).

MISJONSFELLESSKAP - VAKSENLAG

År	2025	2024	2023	2022	2021	2020	2019
Andre misjonsfellesskap (misjonslag, kvinnearb, mannsarb.)	4	4	4	2	2	2	2
Ei forsamling	10	11	11	11	10	10	10
Tal lokasjonar i forsamling	2						
Smågrupper (bibel- og misjonsgrupper, familieföreiningar, kvinne- og mannsforeiningar osv.)	101	103	107	108	108	107	106
Totalt vaksenlag	117	118	122	121	120	119	118

NLM-KONTAKTAR

År	2025	2024	2023	2022	2021	2020	2019
NLM-kontaktar	68	73	74	77	80	83	85

Dette er kontaktar for bedehus / forsamlingshus i dei ulike områda i regionen.

Geografisk område	Status
Askøy NLM	Fusjonert med Askøy Misjonsforsamling
Austevoll NLM	Geografisk område
Bergen NLM	Geografisk område
Fana NLM	Geografisk område
Fjordane NLM	Arbeidsgruppe
Fusa og Samnanger NLM	Geografisk område
Hardanger NLM	Koordinator
Nordhordland NLM	Områdestyre
Os NLM	Kontaktperson
Sogn NLM	Områdestyre
Voss NLM	Geografisk område
Øygarden NLM	Geografisk område
Åsane og Oster NLM	Geografisk område

I sum er det mange frivillige som held arbeidet i gang i dei ulike misjonsfellesskapa. Alle desse er avgjerande for aktiviteten dei ulike stadane. Uvurderleg for drifta er også all forbøn og gåver både i form av kollekt og fast gjevarteneste.

UTSENDINGANE

Hovudmålsetjinga til Misjonssambandet er verda for Kristus. Ved utgangen av 2025 hadde me 117 vaksne misjonærar og om lag like mange born på felt, eittåringar medrekna, som tilsette i det internasjonale arbeidet, 25 av dei med tilknytning til region vest. Dette er me veldig glade for. Ta med utsendingane våre og borna deira i bøn til den Allmechtige.

Samtidig har me framover behov for stadig fleire. Økonomien set diverre eit tak på tal, men me ynskjer å rekruttere fortløpande slik at me kan halde oppe det talet me har i dag. Det er også svært gledeleg at me ser at mange tek kontakt for å spørja om framtidig teneste ute eller ynskjer å reise ut no.

ØKONOMIEN

2025 har vore eit stabilt år finansielt for Misjonssambandet vest. Samla driftsinntekter i regionen i 2025 låg på 14,6 millionar mot 17 millionar i 2024. Årsaka til at resultatet i 2024 vart så godt, var i stor grad store overføringar av oppsamla skulegåver. Regionbidraget for 2025, altså det vi kunne sende frå oss til hovudkassa etter at utgiftene i regionen var betalt, var på 3,2 millionar.

I tillegg overførte gjenbruksbutikkane i regionen 0,93 millionar, som gav eit samla regionbidrag på 4,2 millionar mot 6,3 millionar året før.

Ved utgangen av 2025 hadde regionen 864 faste givaravtalar, 25 fleire enn ved utgangen av 2024. Årleg verdi var på nærare 9,9 millionar, der 9 millionar vert godskrive regionen. Berre 200 av avtalane ligg inne med ei årleg auke (4 %) og er noko me kan arbeide for å betre. Flest faste givarar finn me i aldersgruppa 20–40 år. Takk til deg som kjenner på kallet til å nå vidare ut med evangeliet både nasjonalt og internasjonalt, og som er med og investerer i Guds rike gjennom givartenesta.

Testamentariske gåver i heile Misjonssambandet enda på om lag 21 millionar i 2025. Av dette blei kr 654.670,- gitt av personar med tilknytning til region vest.

Overføring til hovudkassen frå forsamlingar og område

Namn	Stillings- prosent 31.12.2024	Stillings- prosent 31.12.2025	Års- stillings- prosent 2025	Personal- kostnad i 2025	Overført til hovud- kassen minus tilbakeføring og personalkostnad
Region vest generelt			492 %	4.380.462	0
Ung vest			323 %	2.332.346	0
Salem Misjonskirke inkl. tidl. omr. Bergen	198 %	100+80+50 +30+50+50 = 360%	255 %	1.841.689	1.606.255
Tremorkirken Straume inkl. Ågotnes	175 %	90+15+15 =120 %	114 %	1.200.744	180.748
Askøy Misjonsforsamling inkl. tidligere område Askøy	20 %	40 %	30 %	25.793	559.358
Luster familiemøte	0 %	0 %	0 %	0	35.520
Logoskyrkja i Førde	20 %	20 %	20 %	167.826	297.464

Namn	Stillings- prosent 31.12.2024	Stillings- prosent 31.12.2025	Års- stillings- prosjenter 2025	Personal- kostnad i 2025	Overført til hovud- kassen minus tilbakeføring og personalkostnad
Knarvik misjonshus (tilsett i NLM med plantemidler)	0 %	0 %	0 %	0	121.161
Logoskirken, Nesttun (tilsett i ImF)	0 %	0 %	0 %	0	122.868
Samnanger Misjonsforsamling	0 %	0 %	0 %	0	163.335
Vik bedehusforsamling	0 %	0 %	0 %	0	211.662
Heimly forsamling	0 %	0 %	0 %	0	0
Osterøy Misjonsforsamling	0 %	0 %	0 %	0	53.000
Austevoll NLM	0 %	0 %	0 %	0	55.151
Fana NLM	0 %	0 %	0 %	0	206.333
Fjordane NLM	0 %	0 %	0 %	0	461.631
Fusa og Samnanger NLM	0 %	0 %	0 %	0	155.657
Hardanger NLM	0 %	0 %	0 %	0	120.124
Nordhordland NLM	0 %	0 %	0 %	0	1.158.914
Os NLM	0 %	0 %	0 %	0	175.751
Sogn NLM	0 %	0 %	0 %	0	866.911
Voss NLM	0 %	0 %	0 %	0	144.583
Øygarden NLM	0 %	0 %	0 %	0	324.858
Åsane og Oster	0 %	0 %	0 %	0	414.644
Samla stillingsprosent regionbudsjett	1153 %		1234 %		

Takk for alle gaver til arbeidet lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt!

ARBEIDARSAMLING 2025

Våre medarbeidarar og regionstyret var inviterte til arbeidarsamling i Sætervika måndag 6. til tysdag 7. januar under temaet berekraftig teneste.

Etter presentasjonsrunde og lovsong, hadde Mathias Fosse bibelsamling, før Fredrik Ree innleia til tekstverkstad i grupper. Me hadde og gjennomgang av ei avhandling om kva som har betydning for etablering av kristen tru. Marit Andersen og Tove Stang Karlsen frå Medarbeiderforeininga hadde både informasjon og temasamlingar og Jan Ingve Bernssen delte misjonsglimt frå Mongolia.

REGIONKONFERANSE MED REGIONÅRSMØTE 5.4.2025

Knut Espeland hadde helsing frå hovudstyret.

Årets regionkonferanse hadde tema «Nådegåver som velsignar». Dette resulterte i to vellukka konferansar, ein barne- og ungdomskonferanse og ein regionkonferanse i Salem Misjonskirke, periodevis samanfallande i tid og stad i tidsrommet mellom kveldsmøte fredag 4. til søndag 6. april.

Thomas Neteland talte fredag kveld om kvifor nådegåvene er viktige og korleis dei kan forandra tenestene våre og våre kyrkjer/fellesskap om vi brukar dei slik DHA ønsker. Marit Andersen talte laurdag om nådegåver for alle – å tene med den nådegåva ein er gitt. Fredrik Ree talte laurdag om korleis finna si(ne) nådegåve(r) og hensikt med dei og Marit Andersen snakka om korleis gå fram for å finna nådegåver og hadde ein praktisk workshop om mitt liv og mitt fellesskap.

Inga Birgitte Sætre Knutsen hadde laurdag kveld temaet nådegåver – livet saman med Den heilage ande. Søndag talte Ketil Jensen ut frå 1. Kor 13 – den rette bruken av nådegåver.

Det var morgonbøn laurdag og søndag, og forbønn som mange nytta seg av, under lovsongen etter talane.

Det var registrert 81, 82 og 83 godkjende stemmer mot 94, 93 og 92 i 2024.

EKSTRAORDINÆRT REGIONÅRSMØTE 23.–24. SEPTEMBER 2025

Som vedteke på regionårsmøtet 5. april, vart det avhalde ekstraordinært årsmøte for val av regionalt tilsynsråd. Valet vart halde digitalt mellom kl. 06 første dagen til kl. 23:59 andre dagen, og stemmer vart gjevne på forms-skjema etter godkjenning frå hovudkontoret. Kvar enkelt måtte oppgje namn, e-postadresse og kva lag dei stemmte på vegne av. Dette gav oss god kontroll på kor mange som stemte frå kvart lag, noko som blei sjekka opp mot lagsoversikta.

85 stemmer vart avgjevne og 2 av dei vart forkaste.

Både innkalling og sakliste, samt konstituering vart godkjende einstemmig.

Både lovendringa i §10 i regionlova og stemmeprosedyre vart godkjende mot ei stemme.

Til regionalt tilsynsråd fekk Bård Hauge flest stemmer, Svenning Bjørke vart nr 2. Ole Martin Brennsæter vart 1. vara og Lars Gaute Jøssang 2. vara.

REGIONSTYRET

Nils Helge Friborg (2025–2027)

Nils Ivar Brennhaug (2025–2027)

Kurt Arild Ohma (2024–2026)

Runhild Øvreås (2024–2026)

Jan Håkon Reinemo (2024–2026) (trådde midlertidig ut av styret i 2025, då han var tilsett som vikar administrasjonsleiar i region vest til 31.12.2025)

Siv-Merethe Myhr (valt for 2025–2026 som 1. vara), har vore i Reinemo sin plass som fast i

2025. Roald Viksund (valt for 2025–2026 som 2. vara, har vore inne som 1. vara)
Hans Einar Markhus (valt for 2025–2026 som 3. vara, vore inne som 2. vara)

Regionstyret konstituerte seg med Nils Helge Friborg som leiar og Kurt Arild Ohma som nestleiar.

I 2025 har regionstyret hatt 9 teamsmøte, 4 fysiske møte på Alværa leirstad, Kleppe bedehus, Salem Misjonskirke og Lyngmo ungdomssenter samt 1 e-postmøte. 108 saker er handsama.

HEIMLOV

Regionkontoret har fått melding om følgjande 13 misjonsvener som har fått heimlov i 2025: Åse Bondevik, Arne Friborg, Iver Gustavsen, Ivar H. Henriksen, Rangvald Kringlebotten, Asbjørn Kristoffersen, Bjarne Kvam, Aud Kvamme, Signe Os, Marta Sandvik, Ola Solheim, Bjørg Sørensen, Eli Wergeland.

Me lyser fred over deira minne.

TAKK

Det er med takk me ser tilbake på 2025 og arbeidet me fekk vere med på i misjonen. Takk for gåver, forbøn og gode ord.

Me helsar dykk med Jesaja 49,6: *«Det er for lite at du er tenaren min til å reisa opp att Jakobs ætter og føra den frelste resten av Israel attende. Så vil eg då gjera deg til eit ljøs for heidningfolka, så mi frelse må nå til enden av jorda.»*

Regionstyret pr. 31.12.2025:

Nils Helge Friborg (leiar), Kurt Arild Ohma (nестleiar), Nils Ivar Brennhauq, Runhild Øvreås, Jan Håkon Reinemo (permisjon i 2025), Siv-Merethe Myhr (innvalgt 1. vara men inne i 2025 for Jan Håkon, Roald Viksund (innvalgt 2. vara inne for 1. vara). Hans Einar Markhus (Innvalgt som 3. vara, inne for 2. vara).

ÅRSMELDING

BARNE- OG UNGDOMSARBEIDET

I MISJONSSAMBANDET VEST 2025

Lagsarbeidet er en av grunnpilarene i arbeidet vårt. Hvert år er det noen barne- og ungdomslag som blir opprettet og noen blir lagt ned, hvor de fleste endringene skjer i forsamlingene våre. Generelt sett har vi hatt et stabilt tradisjonelt barne- og ungdomslag, men i 2024 var det flere lag/kor som signaliserte at de måtte legge ned.

De aller fleste lagene drives på ren frivillig innsats og vi takker alle som lager arenaer for fellesskap, trosopplæring og er med på å nå barn og unge i sitt nærmiljø og i sine forsamlinger med evangeliet om Jesus.

De ansatte i ungavdelingen har reist rundt på besøk til de lagene som har ønsket det og bidratt med andakt, misjonsinformasjon og aktiviteter. De har også invitert til leir, og vi ser fordelene med at barna kjenner de ansatte når de kommer på leir. En del lag har også ledere som reiser sammen med barn fra sitt lokale arbeid.

Målgruppe	2025	2024	2023	2022	2021
0-12 Barn	4				
0-1 Småbarn m/voksen	4				
3-5 Førskolebarn	13				
6-9 Småskolebarn	21				
10-12 Tweens	21				
13-16 Ungdomsskolealder	32				
13-25 Ungdom	3				
16-19 Ungdom	27				
20-25 Eldre ungdommer	32				
Totalt for UNG-lag¹	91	87	87	100	98

Forsamlingene i regionen driver et stort barne- og ungdomsarbeid. De har søndagsskole, bibelgrupper, temakvelder, leirer og aktiviteter tilpasset de forskjellige aldersgruppene. Flere av forsamlingene har dåp og konfirmasjon som en del av sitt tilbud. Vi ser et økende behov for ansattressurser i forsamlingene, også inn mot barne- og familiearbeidet.

Leir er en viktig ledertreningsarena og vi har mange unge som får prøve seg som ledere på leir. Etter hvert som de modnes og bygger seg opp erfaring, blir de utfordret på å dele

¹ Grunnet nytt oppsett i hvordan man registrerer og filtrer barne- og ungdomslag som skjedde i 2025, brukes nye måter å skille lagene våre på. Hovedsakelig er det fra overordnet lagstyper til aldersgrupper. Noen lag berører flere «målgrupper», og derfor stemmer ikke utregningen av alle lagene. 91 unike lag er det korrekte totaltallet.

vitnesbyrd, ha andakter og lede aktiviteter. Leirdeltakelsen viser en stigende trend etter nedgang rett før og under korona. Vi har fremdeles noe å gå på før vi er tilbake på de regionale leirdeltakertallene vi hadde for ti år siden, samtidig som vi nå i større grad har forsamlinger som arrangerer egne leirer med mange hundre deltakere per år. De fleste leirene har noe ledig plass.

Arrangement	2025	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018
Sætervika	476	504	443	329	255	201	358	510
Lyngmo	419	397	428	448	183	235	539	528
Skilbrei	146	207	205	203	138	147	201	216
Tabu	81	81	42	83	59	56	91	117
SommerTreff Sygna	84	77	68	55	58			
Ung:Disippel	135	132	123	65				
Totalt	1341	1399	1309	1166	693	639	1189	1371

Leirstatistikk: Tallene i tabellen viser antall deltakere på de ulike leirene sammenlagt per leirsted. I tillegg til de 1341 deltakerne vi har hatt med på leir har vi hatt hundrevis av ledere i sving på de ulike leirene.

Ung:Disippel er et regionalt ledertreningsprogram som går over tre år og starter med konfirmasjonstiden. Trinnene følger skoleåret og er delt inn i gruppene Ung:Konfirmant, Ung:Etterfølger og Ung:Leder. Ung:Konfirmant er et fullverdig konfirmantopplegg. Vi har bygget opp dette konseptet de siste årene, og vi ser en jevn og fin økning fra år til år.

SommerTreff ble arrangert på Sygna, hvor vi hadde en liten oppgang i deltakertall og fikk fantastiske dager sammen med aktiviteter, møter, lovsang og fellesskap.

Institusjonene i Misjonssambandet vest gir oss en unik kontaktflate til barn og unge vi ellers ikke ville kommet i berøring med. Vi har ti hel- eller deleide barnehager tilknyttet Preg-barnehagene AS, to videregående internatskoler (Kongshaug og Sygna), seks Danielsen skoler drevet sammen med ImF og NLA Høgskolen som har flere eiere. Den viktigste trosformidlingen skjer i det daglige arbeidet på hvert enkelt sted, men vi i ungavdelingen ønsker å være med og styrke dette arbeidet gjennom samarbeid med de ulike enhetene.

Ansatte i barne- og ungdomsarbeidet i regionen:

Navn	Stillingsbrøk	Stilling	Kommentar
Gjermund Øygarden	100 %	Ungleder	Startet 1. januar 2025 i et vikariat for Marta S. Leodo.
Cathrine Kvamme Leite	100 %	Barne- og ungdomsarbeider	Startet juni 2012. 60 % i ungavdeling 40 % i Askøy Misj.forsamling
Margareth Engås	100 %	Barne- og familiearbeider	Startet august 2022.

Debbie Eikum	30 %	Barne- og ungd.arbeider	Startet april 2023. Har også 40 % på Lyngmo.
Aud Marit Ramberg	20 %	Barne- og ungd.arbeider	Startet september 2017.
Christian Løkhammer	15 %	Barne- og ungd.arbeider	Primæroppgave som trinnleder på Ung:Disippel.
Ingrid Friborg Hoffmann	20 %	Forsaml.sarb. Barne- og ungd.arbeider	Startet januar 2024. 20 % ungavdeling, 60 % i Logoskyrkja i Førde.
Reidar Røyset Almedal	15 %	Barne- og ungd.arbeider	Startet sept. 2024. Vikariat. Trinnleder Ung:Disippel.
Olav Andreas Gjøsæter	15 %	Barne- og ungd.arbeider	Startet sept. 2024. Vikariat. Trinnleder Ung:Disippel.
Solfrid Sørbø	20 %	Barne- og ungd.arbeider	Hadde 10 % vikariat på Askøy nov-24 til april-25, begynte i 20 % vikariat i regionen august 2025.
Ingrid Øverås	30 %	Barne- og ungd.arbeider	Startet sept. 2024. Vikariat. Sluttet oktober 2025.
Kristine Klausen	30 %	Barne- og ungd.arbeider	Startet april 2024.

Barne- og ungdomsrådet i Misjonssambandet vest

Barne- og ungdomsrådet (BUR) har i løpet av 2025 sett på rådets funksjon og hensikt.

Kristoffer Ytre-Arna Mjelstad (leder), Reidar Røyset Almedal (nestleder), Julie Vogelaar, Hanne Nordpoll Soltveit, Simon Olsen, Isak Walde (1. vara), Kaja Ohma (2. vara) og Peter Aasland (3. vara).



Sak 4: REGNSKAP 2025

Her er oversikt over årsregnskapet 2025 for Misjonssambandet vest, sammenlignet med budsjettet for 2025 og årsregnskapet 2024. Kolonnen til høyre viser med positiv eller negativ pil hvordan årsregnskapet 2025 gjorde det sammenlignet med årsregnskapet 2024.

	Regnskap 25	Budsjett 25	Regnskap 24	Endring ift 24
Generelle gaver inkl. fast givertjeneste	11 093 508	12 930 000	10 753 979	↑
<i>Fast givertjeneste</i>	8 603 341		8 413 363	
<i>Andre generelle gaver</i>	2 822 908		2 340 616	
<i>- Tilbakeføring Tremor</i>	332 741			
Gaver til misjonsfeltene	3 477 768	3 580 301	5 911 901	↓
<i>Skoleprosjekt</i>	1 528 084		4 083 807	
<i>Andre gaver til misjonsfelt.</i>	1 949 684		1 828 094	
Sum gaver	14 571 276	16 510 301	16 665 880	↓
Salgsinntekter	1 395 411	1 151 292	1 197 189	↑
Andre inntekter	94 243	207 000	200 029	
Tilskudd og ref. fra andre smarb.org.	0	0	15 198	↓
Sum inntekter	16 060 930	17 868 593	18 078 296	↓
Varekostnader	796 169	809 715	816 437	↓
Personalkostnader	9 781 034	10 380 413	9 051 414	↑
Andre kostnader	2 283 088	2 625 103	2 125 353	↑
Sum kostnader	12 860 291	13 815 231	11 993 204	↑
Sum driftsresultat	3 200 639	4 053 362	6 085 093	↓
Finansinntekt	40 880	42 973	40 580	
Finanskostnad	0	0	0	
Sum finansposter	40 880	42 973	40 580	
Regionbidrag eksl. Gjenbruk	3 241 519	4 096 335	6 125 673	↓
Overføring fra Gjenbruk	928 580	0	-138 319	
Regionbidrag inkl. Gjenbruk	4 170 099	4 096 335	5 987 353	↓
Regionbidrag eksl. Gjenbruk - i % av gaver	20,2 %	22,9 %	33,9 %	↓

FORKLARING AV ÅRSREKNESKAPEN

2025 har vært et stabilt år finansielt for Misjonssambandet vest. Samlede driftsinntekter i regionen i 2025 lå på 14,6 millioner mot 17 millioner i 2024. Årsaken til at resultatet i 2024 ble så godt, var i stor grad store overføringer av oppsamlede skolegaver. Regionbidraget for 2025, altså det vi kunne sende fra oss til hovedkassen etter at utgiftene i regionen var betalt, var på 3,2 millioner.

Økte salgsinntekter i 2025 kommer av utleie av arbeidskraft, det vil si forkynnere som har vært brukt av andre, samt ansatte som har vært leid ut til Salem Konferansesenter.

Totale gaveinntekter for 2025 var på 14.904.016, men en korrigering av manglende tilbakebetaling til Tremorkirken for 2023 og 2024 på 332.741 kroner gav et resultat på 14.571.275.

For flere detaljer av hvordan økonomien er fordelt i regionen, se Vedlegg på s. 68 i Årsmeldingsheftet del 2. Her finn du *Gåveinntekter inkludert tilbakebetalinger til forsamlingar*, *Gåveinntekter fordelt på områder*, og *Gåver innsamla på skulane i Misjonssambandet vest*.

Giverløftet 2026

I 2026 har vi satt oss som mål å øke fast givertjeneste med til sammen 2 millioner i region vest. Vi er allerede i gang og har fått flere nye givere. Løftet gjør vi sammen ved at også alle dere som allerede har en fast giveravtale, er med og øker det månedlige gavebeløpet. Hvis du øker din givertjeneste med 200 kroner, gjør du ditt bidrag til at vi når målet! Er du ikke allerede fast giver, vil vi gjerne ha deg med på laget!



Fast givertjeneste

Som fast giver er du med på å gi mennesker håp for livet og evigheten, og gi Misjonssambandet forutsigbarhet i gaveinntektene.

Du kan opprette giveravtale på gi.nlm.no, eller få tilsendt fast giver-skjema.

Du kan velge om du vil gi til

1. alt Misjonssambandets arbeid, gi.nlm.no/fast
2. en forsamling som har avtale om at en del føres tilbake til forsamlingen for å dekke utgifter lokalt, gi.nlm.no/fordelte
3. et felt eller til et prosjekt, gi.nlm.no/prosjekt

Du kan selv velge godskriving til et misjonsfelleskap du ønsker å støtte.

Sak 5: VAL – Kandidatar

Regionstyret

Det skal veljast 3 medlemmer og 3 varamedlemmer

Valt for to år i 2025

Nils Helge Friborg, 49 år, gravferdskonsulent. Fjordane

Nils Ivar Brennhaug, 60 år, ledelse. Sotra

I presentasjonen står kandidatane alfabetisk etter etternamn.



Jan Ove Brandsæter, 38 år, Radøy. Kontaktperson i Barnevernstjenesten i Arna og Åsane. Område: Nordhordland

Diverse tjenester i Knarvik Misjonshus: valgnermd, lovsangsteam, forbønns-tjeneste og barnearbeid.

Ønsker å bidra og være med å forvalte oppdraget vårt godt, sikre retning og forankre det i gode kristne verdier. Også en fin måte å få større innsikt i arbeidet i regionen. Håper også det kan være en arena for å bygge relasjoner.



Hildegunn Norbakken, 46 år. Diakon. Område Askøy.

Gudstjenesteleder, lovsangsleder, smågruppeleder og leder for utsmykkingskomite i Askøy Misjonsforsamling.

Ønsker forsamlingsarbeid med fokus på utrustning i forsamlingenes egne rekker, samt smågruppearbeid. Se mulighetene med samskaping (f.eks. med ulike hjelpeorganisasjoner og kommunale instanser). Sorgarbeid, beredskap og pårørendearbeid. Større fokus på misjon i nærmiljøene der vi bor. Lovsangskonferanse, med fokus på å utvikle et nettverk for lovsangsteam i regionen.



Kristin Sætre Odeh, 39 år. Pedagog. Menighetsutvikler og Barne- og fam.leder i Salem Misjonskirke. Område: Bergen

I styret for Danielsen ungd.sk. Bergen og Frekhaug. Vokst opp i Indonesia, engasjert i Misj.sambandet hele livet, med møteledelse, søndagsskoleleder, lovsangsleder, leirarbeid, sjelesorgarbeid m.m.

Ønsker bli bedre kjent med helheten av arbeidet i regionen. Være med og legge til rette for, og være til støtte for det flotte arbeidet som drives. Brenner spesielt for at alle skal ha et åndelig hjem og en åndelig familie/forsamling. Tror de ulike forsamlingene har store potensialer for å være et slikt hjem fra man blir født og livet ut. Det internasjonale arbeidet i regionen er også viktig, tror vi har mange unike muligheter til å ta imot nye landsmenn som kommer til Norge.



Jan Håkon Reinemo, 30 år. Siviløkonom. Område: Bergen

Har gått i Salem sidan 2017. Med i leiargruppa for smågruppearbeidet.

Vikarierende adm.leiar i regionen i 2025. Med i regionstyret no.

Har vore givande og lærerikt å sitja i regionstyret. Regionarbeidet er i ein fase der det er viktig at me tenker strategisk og langsiktig for korleis me bygger opp arbeidet i heile regionen. Det ønskjer eg gjerne å bidra til, slik at me kan velsigne kvarandre med dei ressursane ein har både sør og nord i regionen.



Roald Viksund, 68 år. Pensjonist, tidligere spesialsykepleier. Område Askøy
Arbeidet med søndagskole og ten-arbeid. Vært styremedlem for Askøy NLM.

Med i bedehuskomite og Gjenbruken Askøy.

Ønsker å jobbe for evangeliet til alle i vår region. Gode erfaringer med forsamlingsarbeid, leir og sommersamlinger for hele familien.

Varamedlemer



Jonatan Hurthi, 23 år. Elektrikar. Område: Sogn

Oppvaksen i Luster Familiemøte i Gaupne, med Ungdomsklubben KUL. Og har brukt ein del tid og engasjement der. Lyngmo Ungdomssenter har vore ein stor del av livet. Gått på Fjellhaug Bibelskule, der ein også fekk «smaka» litt meir på ytremisjon. Vore medlem i BUR i nokre år.

Ønsker at menneske i regionen vår skal få eit møte med Jesus.

Barne- og ungdomsråd (BUR)

Fra region-administrasjonen:

Region vest har over tid hatt utfordringer knyttet til Barne- og ungdomsrådet (BUR): rekruttering er vanskelig, rollen oppleves utydelig for kandidater, og det er lite kontinuitet i arbeidet. Dette medfører mye oppfølging for Ungleder og et råd som i praksis ikke fungerer etter intensjonen.

For å sikre et bærekraftig og funksjonelt BUR fram mot årsmøtet 2026, innfører region vest en forenklet og lovlig arbeidsform: BUR møtes kun ved behov, ungleder koordinerer saksforberedelser, og rådet brukes kun i saker der det faktisk trengs. Dette er innenfor dagens lovverk.

Til valg i 2026 vil regionen foreslå en kombinasjon av ansatte og unge ledere fra Ung:Disippel, slik at BUR får stabilitet, kompetanse og reell kapasitet. Kandidatene velges som normalt av årsmøtet.

Hensikten med den nye modellen er å sikre et fungerende BUR som gir støtte til ungleder, ivaretar lovverket og skaper en stabil og gjennomførbar struktur for barne- og ungdomsarbeidet i regionen.

Det skal veljast 3 medlemmer og 3 varamedlemmer.


Valt for to år i 2024:

Reidar Røyset Almedal, 25 år, student NLA og trinnleder Ung:Disippel region vest, påtroppande menighetsutvikler Askøy Misjonsforsamling. Bergen
Simon Tobias Olsen, 17 år, skuleelev, Vassenden. Område: Fjordane

Kristoffer Mjelstad
23. år. Bergen



Nikolai Bjerke
26 år. Bergen



Solfrid Sørbo
22 år. Bergen



Varamedlemer

1. vara: Lina Malde
23 år. Bergen



2. vara: Trond Kråvik
65 år. Balestrand



3. vara: Ingrid Øvreås
23 år. Bergen



Valnemnd

Valt for 2 år i 2025: Jostein Moldsvor og Ingebjørg Hitland.
Det skal veljast to faste medlemmer og ein vara.

Kandidatane står alfabetisk etter etternamn.

Kirsten Grøteig
Askøy



Trond Kråvik
Sogn



Runar Wold Slettebø
Bergen



Rollaug Waaler
Askøy



Årsrapport 2025 fra Regionalt tilsynsråd (RT)

Region vest

Etter at regionårsmøtet 5. april 2025 hadde vedtatt å utsette valget av Regionalt tilsynsråd til høsten og generalforsamlingen 2025 hadde klargjort regelverket og mandatet for slike råd, ble det avholdt valg på to medlemmer og to varamedlemmer til Regionalt tilsynsråd Region vest på ekstraordinært årsmøte 23.-24. september 2025. Som resultat av valget ble Bård Hauge og Svenning Bjørke valgt til faste medlemmer for tre år og Ole Martin Brennsæter og Lars Gaute Jøssang til varamedlemmer for samme periode. Regionleder Olav Rune Skutlaberg er fast medlem av RT i kraft av sin stilling i regionen. Han fungerer som saksforbereder, innkaller og referent. Medlemmene av RT er også medlemmer av NLMs Rådsmøte i valgperioden, og vi tre møtte derfor på rådsmøtet i Oslo 10.-11. oktober 2025. Der ble Svenning Bjørke valgt til medlem av Nasjonalt tilsynsråd (NT). RT konstituerte seg med Bård Hauge som leder og Svenning Bjørke som nestleder.


RT har høsten 2025 hatt 5 møter og behandlet 19 saker. To av møtene har vært på regionkontoret, mens tre har vært avholdt digitalt eller på mail. Vi hadde også et møte sammen med Regionstyret en times tid 11. november. Våren 2026 har vi så langt (fram til påske) hatt tre møter. Vi har brukt mye tid i møtene på å klargjøre RTs mandat, rolle og oppgave(r), både i forhold til Sentralstyret, Regionstyret og Nasjonalt tilsynsråd, men også overfor lokale forsamlinger og lag. Dette arbeidet vil vi fortsette med i 2026. Vi har for eksempel vurdert om vi skal kalle inn til en regional konferanse med deltakere fra lokale lag og forsamlinger for å presentere RT og drøfte vår rolle i NLMs totale virksomhet, men nå er signalene fra hovedkontoret at det vil bli innkalt til en nasjonal samling med dette fokus, så vi har foreløpig lagt våre regionale planer på is.

Ifølge NLMs ansettelsesrutiner skal RT vurdere åndelig skikkethet ved faste tilsetninger i regionen. Vi har i 2025 vurdert to slike saker. Vi har også behandlet saker om lærespørsmål og konkretiseringer av disse i form av ritualer og rutiner i lokalforsamlinger. Alt dette gjør at vi kjenner på et behov for ei håndbok for vårt arbeid. Vi har også så smått begynt å orientere oss om ulike scenarier vi som tilsynsråd kan bli involvert i. NLMs generalforsamling forutsatte ellers at lokale forsamlinger og lag etablerer ordninger for tilsyn lokalt. Vi har prøvd å få en oversikt over hvordan arbeidet med dette ligger an i vår region. RT arbeider i tillegg med spørsmål om oppfølging og eventuell kursing av medarbeidere. Vi ser med stor spenning fram mot veien videre.

Bård Hauge

Svenning Bjørke

Olav Rune Skutlaberg



Hei!

Snart er det klart for sommarleirar på Skilbrei!

På leir får du opplevingsrike dagar fylt med mykje gøy. Vi har med gode og trygge leiarar, og kvar leir får sitt eige preg. Det blir spennande bibelundervisning tilpassa aldersgruppa, god og variert mat, nye vennskap og kjekke aktivitetar både ute og inne.

Sommarleirar 2026

4.–7. klasseleir

12.–14. juni

Pris: kr 1010,- (medlem 910,-)

1.–4. klasseleir

19.–21. juni

Pris: kr 910,- (medlem 810,-)

TABU

8.–10. mai og 28.–30. august

8. kl.–3. vgs


Pris: kr 1010,- (medlem 910,-)



Leirklubb- og TABU-medlemmer får rabatt.

Leirane startar ca. kl. 18 første dagen og sluttar ca. kl. 14 siste dagen.

For nokre familiar blir kostnaden med leir for stor. Gjeld dette dykkar familie, kan de ta kontakt på e-post (vest@nlm.no), så er det muleg å få hjelp frå leirfondet.

Velkommen på leir – vi gler oss til å sjå deg!





Hei!

Snart er det klart for sommerleirer i Sætervika!

På leir får du opplevelsesrike dager fylt med mye gøy. Vi har med gode og trygge ledere, og hver leir får sitt eget preg. Det blir spennende bibelundervisning tilpasset aldersgruppen, god og variert mat, nye vennskap og kjekke aktiviteter både ute og inne.

Sommerleirer 2026

Maksleir

19.–21. juni

2.–4. klasse

Pris: kr 910,- (medlem 810,-)

Tweens Action

31. juli–3. august

5.–8. klasse

Pris: kr 1500 (medlem 1400,-)

Miksleir

7.–9. august

3.–6. klasse

Pris: kr 935,- (medlem 835,-)

Leirklubb-medlemmer får rabatt (gjelder t.o.m. 7. kl)

Leirene starter ca. kl. 18 første dagen og slutter ca. kl. 14 siste dagen.

For noen familier blir kostnaden med leir for stor. Gjelder dette deres familie, kan dere ta kontakt på e-post (vest@nlm.no), så prøver vi å finne en løsning for sponsing.

Velkommen på leir – vi gleder oss til å se deg!

SommerTreff Sygna

SommerTreff er en fantastisk sommerleir for deg som begynner i 8. klasse–1. vgs! Mange flotte og ulike aktiviteter, frisk lovsang, spennende bibeltimer og godt fellesskap! En god start på sommeren!

Tid: 22.–26. juni 2026

Sted: Sygna vgs (Balestrand)

Pris: Kr 2.400 med overnatting, kr 1.600 for hjemmeboere.

For mer info og påmelding: nlm.no/sommertreff



Ung:Disippel

Ung:Disippel er et unikt fellesskap, og har tre ulike trinn som bygger på hverandre. Vi har totalt fire U:D-helger i året. Dette tilbudet er for ungdom fra hele regionen.

Ung:Konfirmant – for deg som er konfirmant.

Ung:Etterfølger – en videre opplæring i bibel og troslære.

Ung:Leder – siste år, med vekt på lederopplæring.

